

Oppgraderer straumnettet på Holmen og Neset.

10.02.2017



Straumkabelen på Neset skal no i grøft.

Mange har registrert at det har pågått gravearbeid på Neset denne veka. Eigentleg er dette framhald av eit oppgraderingsarbeid av straumnettet på Flatholmen og Neset som starta før jul. Då vart det gjort eit arbeid på Holmen, medan ein no held fram på Neset-sida.



Dagleg leiar Michael Stensletten i Kvinnherad Maskin kan fortelja at dei har 3 mann i arbeid på prosjektet.

Svein Ove Bråtun i Kvinnherad Energi fortel at før jul vart tversnittet på kabelen på Flatholmen auka samstundes som det vart sett opp nye stolpar. Dette arbeidet vart utført av Kvinnherad Energi sine eigne folk. No held oppgraderingsarbeidet fram på landsida, og det er i samband med det det vert grave grøfter. Kabelen skal no leggjast i jord medan den tidlegare gjekk i luft. Også fiberen skal leggjast i dei same grøftene. Det er Kvinnherad Maskin som er leigd inn til å gjera grøtfearbeidet der det også vert behov for sprenging. Resten av arbeidet vert gjort av Kvinnherad Energi sine eigne folk. Bråtun fortel at det vert ca. 350 meter med grøft. Over til Holmen skal linja framleis gå i luft, men det vert ny stolpe lengre ute på Neset slik at luftspennet vert kortare.

Bråtun seier at dei må grava over stien bortover Neset. Den er mykje nytta av turfolk, men han håpar dei er tolmodige, og det skal ikkje gå lenge før den er fin og klar til bruk att.

- Vi håpar kabelarbeidet er ferdig i slutten av neste veke slik at berre oppussingsarbeide står att. Då skal vi vera ferdige i løpet av 14 dagar, avsluttar Svein Ove Bråtun.



Kabelen vert lagt i jord frå stolpen nedanfor skulen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.